



STOPP mobbing!
Mobbing er eit stort problem.
Det er dei vaksne sitt ansvar
å leggje til rette for eit godt
skulemiljø.

INNHALD

Forord 3

Alle barn har rett til eit trygt skulemiljø 4

Rett til å klage – plikt til å handle 4

Kva er mobbing? 5

Kven blir mobba? 5

Kvifor mobbar ein? 5

Kva skade kan mobbinga gjere? 5

Kvifor fortel ein ikkje om mobbinga? 5

Korleis kan eg vite om barnet mitt blir mobba? 6

Kva kan eg gjere dersom barnet mitt blir mobba? 6

Handlingsalternativ 9

Hjelp barnet med å 9

Er løysinga å ta igjen? 9

Kva gjer eg dersom barnet mitt mobbar andre? 10

Sjå på deg sjølv! 10

Kva kan skulen gjere? 12

Skulemiljøutvalet (SMU) 12

Samarbeidsutvalet (SU) 12

Elevmedverknad 13

Elevane 13

Elevrådet 13

Tilsette og skuleleiinga 14

Elevane, kontaktlæraren og foreldrekontaktane 14


Arbeidsutvalet til foreldrerådet (FAU) 16

Korleis melder du saka til fylkesmannen? 16

Kva gjer fylkesmannen? 16

Kva om fylkesmannen meiner at skulen har sett inn høvelege tiltak? 16

Klage til Utdanningsdirektoratet 16



Forord

Denne publikasjonen handlar om mobbing og kva vi kan gjere for å førebyggje og hindre mobbing. Vi må både hindre at mobbinga oppstår, og hindre at ho held fram.

Mobbing er eit stort samfunnsproblem som berre kan løysast i fellesskap.

Dette heftet rettar seg spesielt til foreldra. Det kan brukast i den enkelte familien, i foreldremøte, på konferansetimar, i samarbeidet mellom foreldra og lærarane/skuleleiarane etc.

Publikasjonen er omsett frå dansk og tilpassa norske forhold.

Foreldreutvalet for grunnsopplæringa (FUG)
Revidert 2018

Alle barn har rett til eit trygt skulemiljø

Kvart år blir meir enn 50 000 barn og unge utsette for mobbing og krenkingar i Noreg (tal frå Elevundersøkinga 2017). Våren 2003 vedtok Stortinget ei ny lov som ofte blir kalla barnas arbeidsmiljølov. Denne lova blei revidert, og den nye mobbelova tok til å gjelde 1. august 2017. Her blir det slått fast at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (kap. 9 A i opplæringslova). Det vil seie at ingen barn skal utsetjast for krenkjande ord eller handlingar som til dømes mobbing. Alle har rett til å føle seg trygge når dei er på skulen.

Rett til å klage – plikt til å handle

Det står svært tydeleg i den nye lova at dei vaksne på skulen har plikt til å gripe inn dersom dei får vite om eller får mistanke om at ein elev blir mobba. Dette kallar vi aktivitetsplikt. Då skal vedkommande anten straks gripe inn sjølv eller varsle skuleleiinga om saka. Dersom ein elev og/eller foreldra seier frå om mobbing, skal skulen straks setje i verk tiltak for å få slutt på mobbinga. Dersom skulen ikkje set i verk tiltak og lagar ein skriftleg plan der det står kva skulen skal gjere for å gi eleven eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven og foreldra klage til kommunen og vidare til fylkesmannen.

Les meir: fug.no

Kva er mobbing?

Mobbing kan skje mellom eit barn og eit anna barn / ei gruppe av barn eller mellom barn og vaksne. Mobbinga kan vere

- verbal (til dømes å bruke kallenamn).
- sosial (til dømes å halde nokon utanfor).
- materiell (til dømes å øydeleggje klede og ting).
- psykisk (til dømes å true eller tvinge nokon til å gjere noko).
- fysisk (til dømes å slå eller sparke nokon).
- digital (til dømes å dele bilete, video eller tekst på nettet).

Mykje av det sosiale livet og kommunikasjonen til barn og unge skjer i dag digitalt. Derfor skjer mobbing og krenking som oftast på nettet, gjerne i kombinasjon med andre former for mobbing og utestenging.

FUG tilrår denne definisjonen av mobbing:

Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, av å vere ein viktig person i fellesskapet og av å få høve til å medverke.

Lund, Helgeland, Kovac 2017

Kven blir mobba?

Alle kan bli mobba. Undersøking viser at det ikkje først og fremst er utsjånaden, dialekta eller liknande som er årsakene til mobbing. Dei som blir mobba, har derimot eit lågare sjølvbilete enn gjennomsnittet – noko som så klart òg kan skrive seg frå sjølv mobbinga. Det er som oftast vilkårlege ting som utløyser mobbing.

Kvifor mobbar ein?

Barn kan mobbe av mange ulike grunnar, til dømes fordi

- dei er sjalu.
- dei blir mobba sjølve.
- dei vil vere tøffe.
- dei vil skape samhald ved å stengje andre ute.
- dei vil ha merksemd.
- dei vil avreagere.
- dei vil kompensere for nederlag.

Kva skade gjer mobbinga?

Mobbing kan gjere stor skade. Nokre barn vil skamme seg og føle seg einsame, miste sjølvtiliten, bli inneslutta – og kanskje til og med bli sjuke. Dei prøver å fortregje at dei blir mobba; kanskje føler dei at det er deira eiga skyld. Kanskje avreagerer dei på søskena eller foreldra. Dei vil mest truleg spenne seg og bli ukonsentrerte på skulen. Nokre vil slett ikkje gå på skulen. Mobbing påverkar læringa og kan øydeleggje skulegangen.

Mobbinga kan øydeleggje utviklinga og livskvaliteten til barn i lang tid etter at ho tek slutt. Truande meldingar og deling av uønskte bilete eller videoar på nett har stor spreingskraft og inneber høg belastning. Uønskt spreing av bilete og videoar er ulovleg og må meldast til politiet.

Mobbing kan utløse dårleg åtferd, eteforstyrningar, depresjonar og kriminelle handlingar. Barn som mobbar, kan sjølve få problem – med skulen, foreldra eller kameratane. Sjølv om dei fleste som mobbar, er populære i byrjinga, kan dei ende med å bli upopulære. Det kan bli utriveleg å gå på skulen, ikkje berre for elevane som blir mobba, men òg for dei som ser mobbinga og kanskje føler seg tvungne til å vere med fordi dei er redde for å bli mobba sjølve dersom dei ikkje gjer det.

Kvifor fortel ein ikkje om mobbinga?

Det er mange grunnar til at barn og unge synest det er vanskeleg å fortelje vaksne om mobbing. Her er dei vanlegaste:

- Dei vil ikkje uroe foreldra.
- Dei er redde for å bli mobba endå meir.
- Dei vil ikkje sladre på andre.
- Dei skammar seg over ei handling dei har vore innblanda i (bilete eller video på nett).
- Dei er redde for at foreldra skal bli sinte og fordømande.
- Dei reknar ikkje med at foreldra har god nok digital kompetanse til å forstå og kunne hjelpe. Mobbing er assosiert med skam.

Korleis kan eg vite om barnet mitt blir mobba?

Nedanfor er det ei liste over moglege faresignal. Ingen av dei peiker i seg sjølv direkte på mobbing, og dei kan skrive seg frå andre ting. Men plutselige og store forandringar i åtferda er viktige teikn. Dersom du føler at noko er gale, så er det truleg det òg.

Skulen

- Barnet vil ikkje gå på skulen – anten generelt, på bestemte dagar eller til visse timar.
- Barnet er redd for å gå til og frå skulen eller ber om å bli køyrt.
- Barnet går omvegar til og frå skulen.
- Barnet kjem for seint til skulen eller heim att frå skulen.
- Barnet kjem svoltten heim.
- Barnet klarer seg dårlegare på skulen enn før.
- Barnet kjem heim med øydelagde bøker, ting eller klede.
- Barnet «mister» bøker, ting eller klede.
- Barnet «mister» lommepengane gong på gong.

Kameratane

- Barnet unngår venner og andre barn.
- Barnet blir inneslutta og kuttar ut fritidsaktivitetar.

Åtferd

- Barnet ber om ekstra pengar eller begynner å stele.
- Barnet nektar å fortelje kva som er gale.
- Barnet begynner å mobbe søskena eller foreldra.
- Barnet blir lett oppfarande, irritabelt og aggressivt og har raseriutbrot.
- Barnet mister sjølvtilitt.
- Barnet græt seg i søvn eller har mareritt.

Helse

- Barnet har uforklarlege sjukdommar.
- Barnet endrar sove- eller etevanar.
- Barnet har uforklarlege skrammer og blåmerke.

Kva kan eg gjere dersom barnet mitt blir mobba?

Målet ditt må vere å få barnet til å snakke om problema og gi det sjølvtilitt og trua på seg sjølv tilbake.

Du kjem truleg sjølv til å gå gjennom eit breitt spekter av kjensler:

- Hjelpeløyse – det er ingenting du kan gjere.
- Sinne – du vil kanskje ha hemn.
- Uro – for at barnet ditt ikkje trivst.
- Forvirring – du veit ikkje kva du skal gjere.
- Vonbrot – kvifor kan ikkje barnet klare seg sjølv?



Det er viktig at du held deg roleg og tenkjer gjennom ting før du gjer noko. Barnet ditt treng å kjenne at du kan stå i situasjonen som ein trygg vaksen. Det er ikkje sikkert du har løysinga, men ver open og støttande.

- Rekn med ein emosjonell reaksjon frå barnet, til dømes skam eller sinne.
- Ta problemet på alvor – barnet er truleg meir lei seg enn du er klar over.
- Undervurder aldri angsten hos eit mobba barn.
- Tenk på problemet som noko de skal løyse og lære noko av.
- Ta deg god tid til å snakke med barnet – finn ein roleg stad.

Det første svaret ditt

Ikkje ver:

- kynisk: «Det skal du ikkje vere lei deg for.»
- martyr: «Det er då ingenting – då eg gjekk på skulen ...»
- forhørande: «Eg vil vite alt!»
- redningsmann: «Det skal eg nok ordne opp i.»
- trollmann: «Det ordnar eg på eit augeblikk.»

Prøv i staden å vere:

- lyttande: Lytt tolmodig og ikkje trekk forhasta konklusjonar.
- undersøkjande: Gransk saka oppmerksomt og tolmodig.
- støttande: Sjå problemet frå barnet si side.

Ro ned barnet og godta problemet.

- Det er viktig å la barnet få vite kor glad du er for at du fekk vite om mobbinga, at du trur på det som blir fortalt, at det ikkje er barnet si skyld, og at du er lei deg for at dette har skjedd. Det er ikkje barnet som er problemet!
- Forviss deg om at barnet ikkje trur på det mobbaren seier.
- Ro ned barnet og sei at det ikkje er åleine om å bli mobba.
- Dersom det er fare for tryggleiken til barnet, må du ordne opp med det same og eventuelt tilkalle hjelp.
- Dersom barnet er i ekstrem krise, må du søkje profesjonell hjelp.

- **Vi skal løyse problema i fellesskap.**
- **Vi skal få kunnskap om kva mobbing er, korleis mobbinga kjem til uttrykk, og kva konsekvensane kan vere.**
- **Vi skal vere tydelege på at mobbing er uakseptabelt.**

Handlingsalternativ

- Lytt og la barnet bestemme tempoet. Unngå langvarige forhøyr. Få heller informasjon frå andre – be skulen om hjelp.
- La barnet foreslå korleis problemet kan løysast.
- Dersom problemet held fram, må du kontakte skulen – i første omgang kontaktlæraren. Skulen har plikt til å handle (aktivitetsplikt). Ikkje vent til neste konferansetime eller foreldremøte. Dersom mobbinga skjer i eller omkring SFO eller ein fritidsaktivitet, kontaktar du leiarane der.
- Undersøk om situasjonen til barnet ditt heng saman med spesielle hendingar i skulemiljøet. Er dette noko fleire elevar opplever? Sjekk med klassekontakten og skulemiljøutvalet.
- Skulen har fem dagar på seg til å utarbeide ein aktivitetsplan.
- Dersom du ikkje får respons frå skulen, eller dersom du ikkje er nøgd med responsen du får, har du rett til å klage.

Hjelp barnet med å

- uttrykkje kva det føler, særleg dersom barnet er sint.
- kunne svare igjen – kom med positive og realistiske forslag.
- innsjå at tryggleik er viktigare enn ting (ikkje bli sint fordi noko har gått tapt eller er blitt øydelagt).

Hent barnet på ein diskre måte dersom mobbinga skjer på skulevegen. Dersom mobbinga har vore grov og langvarig, må du ikkje la vere å snakke om det sjølv om du er redd for å rippe opp i fortida. Barnet har behov for å snakke om det og jobbe seg gjennom det over tid.

Du kan

- ikkje skaffe venner, men du kan skape rom for å få venner.
- oppmuntre barnet til å få seg ein ny hobby eller ei ny interesse for å sjå om det kan bidra til at sjølvtilliten får seg eit oppsving.
- prøve å få barnet med i ein organisert fritidsaktivitet med trygge rammer og tilsyn. Så kan barnet gradvis gå inn i litt mindre vaksenstyrte aktivitetar.
- kontakte andre foreldre i klassen/gruppa og spørje om dei har opplevd noko liknande.
- skape gode foreldrenettverk og søkje råd.
- undersøkje om barnet ditt sjølv provoserer til mobbing.
- snakke med lærarane og/eller helsesøster om problemet og diskutere kva de kan gjere.
- ta opp temaet på foreldremøte i gruppa/klassen.

Er løysinga å ta igjen?

Nokre foreldre fortel barna sine at dei berre skal gjere gjengjeld og svare eller slå tilbake. Men tenk litt over dette:

- Er barnet ditt i stand til å slå tilbake?
- Ønskjer barnet å gjere det?
- Er du positiv til lovbrøt som fysisk vald eller digital krenking?
- Kjem det til å føre til fleire problem for barnet?
- Gjer du barnet ei bjørneteneste på denne måten?
- Løyer dette problemet?

Hugs at digital, verbal, sosial og psykisk mobbing er mykje vanlegare enn fysisk mobbing. Ikkje gjer problema til barnet verre ved å oppfordre det til å gjere noko det ikkje kan. Finn heller – saman med barnet – andre måtar å takle episodar på.

Kva gjer eg dersom barnet mitt mobbar andre?

Målet ditt skal vere å samarbeide med barnet utan å byggje opp motstand. Få barnet til å føle ansvar. Fokuser på mobbinga, ikkje på barnet – ver løysingsorientert, ikkje problemorientert. Ikkje mobb barnet ditt!

Du må handle!

- Hald hovudet kaldt. Unngå å overreagere med sinne eller truslar.
- Få barnet til å fortelje og finn ut kva det skjønar av det som skjer.
- Fortel korleis du oppfattar situasjonen, og kva du meiner.
- Forklar klart og tydelig at det er lov forsvare seg sjølv, men at det ikkje er lov å mobbe.
- Forklar kva den som blir mobba, føler.
- Kontakt straks skulen og finn ut korleis barnet oppfører seg der. Ikkje vent til neste konferansetime eller foreldremøte.
- Be skulen om å følgje opp, sei at du ønskjer å samarbeide. Orienter kvarandre om korleis det går.

Sjå på deg sjølv!

Hugs at dei vaksne er dei viktigaste førebileta til barna. Har du kanskje sjølv, utan å vilje det, oppmuntra til mobbing?

Kanskje ved å

- snakke negativt om naboen eller læraren?
- ytre deg nedsetjande om andre i sosiale medium?
- ikkje ta mobbing alvorleg eller ikkje tru på barnet?
- oppføre deg ekskluderande i ein sosial setting?
- vere med og erte og gi kallenamn for moro skyld?
- vere sarkastisk?
- vere urettferdig?
- hengje ut barnet så andre høyrer det?
- gi barnet skylda for alt mogleg?

**MOBBING GJELD ALLE.
Det finst ingen uskyldige tilskodarar!**



Kva kan skulen gjere?

Mykje av mobbinga skjer i eller omkring skulen. I opplæringslova kap. 9 A står det mellom anna:

«Alle som arbeider på skolen, skal følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.»

Det er eleven si eiga oppleving av miljøet som avgjer om det er godt nok. Verken rektor, lærarar eller andre elevar kan vite betre enn barnet ditt korleis det har det på skulen. Rektor kan til dømes ikkje vise til at det generelt er lite mobbing på skulen. Dersom barnet ditt opplever at noko er ubehageleg, skal skulen ta det på alvor.

Skulemiljøutvalet (SMU)

Stortinget har bestemt at alle skular skal ha eit skulemiljøutval der elevane og foreldra skal vere i fleirtal. Alle råda og utvala i skulen har rett til å uttale seg og komme med forslag i alle saker som er viktige for skulemiljøet, men skulemiljøutvalet har eit særleg ansvar for å følge opp saker som gjeld kap. 9 A.

Samarbeidsutvalet (SU)

Samarbeidsutvalet (her sit elevar, foreldre, tilsette, skuleleiaren og ein politiskar) skal få jamleg informasjon om læringsmiljøet ved skulen. Ved nokre skular har eit driftsstyre erstatta samarbeidsutvalet. Utvalet skal vere med og planleggje og gjennomføre miljøtiltak.

Samarbeidsutvalet kan til dømes

- lage ein generell handlingsplan mot mobbing.
- følge opp det lova seier om at skuleleiaren, lærarane og andre tilsette har plikt til å vere merksame på mobbing, gripe inn dersom dei har mistanke om mobbing, og reagere på spørsmål frå elevar og foreldre.
- bidra til at arbeidet for eit godt skulemiljø er fast tema på alle foreldremøte.
- sikre at ein når alle foreldre med informasjon om det førebyggjande arbeidet skulen gjer for å få eit godt miljø, og om retningslinjer for korleis varsel om mobbing skal handterast.
- melde saker til skulemiljøutvalet.
- følge opp resultatane frå Elevundersøkinga.

Elevmedverknad

Elevane har ein lovfesta rett til elevråd og skal bli høyrde av leiinga og lærarane på skulen i alle saker som angår dei. Det er viktig at skulen, ved leiinga, lærarane og andre vaksne rundt eleven, legg til rette for at elevane reelt får påverke sin eigen skulekvardag. Det inneber å hjelpe til med elevrådsdrift, gi opplæring i korleis ein kan leggje fram ei sak, og leggje opp til at elevane får tid til å drive på med elevrådsarbeid. Elevane og elevrådet har ei avgjerande rolle når det gjeld å skape eit godt skulemiljø utan mobbing.

Elevane

- bør straks melde frå til ein lærar eller til leiinga ved skulen når det oppstår mobbing. Skulen pliktar å handle dersom dei får den minste mistanke om at nokon ikkje har det bra.
- kan lage kampanjar for eit godt skulemiljø.
- kan snakke saman i klassen om korleis dei kan skape eit betre skulemiljø for kvarandre.
- bør bruke klassens time, dersom dei har det, til å ta opp saker om skulemiljøet og korleis dei kan skape trivsel på skulen.
- bør aktivt melde opp saker som er viktige for dei, til elevrådet.

Elevrådet

- bør ta opp saker om korleis ein kan gjere skulemiljøet betre. Elevundersøkinga kan vere ein god ressurs i dette arbeidet.
- kan lage kampanjar mot mobbing på skulen.
- kan opprette ein såkalla trivselspatrolje – eit korps av elevar på tvers av klassane som skal bidra til å skape eit godt miljø, og som andre elevar kan vende seg til for å få hjelp dersom dei blir plaga, trakasserte, mobba eller krenkte.
- kan innføre ein anonym postkasse, eventuelt med standardskjema, der elevar som blir plaga, trakasserte, mobba eller krenkte, kan seie frå. Det kan òg opnast for å gi andre tilbakemeldingar til elevrådet i postkassen.
- bør hjelpe elevar som ikkje har det bra, med å seie frå til skuleleiinga
- bør aktivt motverke mobbing ved å vere gode førebilete, skape eit godt miljø og gripe inn når nokon blir mobba.
- kan gi tillitsvalde elevar medansvar for å ha faste møte om læringsmiljø og mobbing med heile klassen og med kontaktlæraren og foreldrekontaktane. Til dømes bør klassen ha ein eigen time («klassens time») minst annakvar veke der elevane bestemmer kva som skal takast opp. Kontaktlæraren skal vere til stades for å hjelpe klassen dersom elevane ønskjer det.
- kan ha faste møte med FAU.
- bør behandle og melde saker til skulemiljøutvalet (SMU).
- kan arrangere aktivitetar for å skape samhold og trivsel på skulen. Elevrådet kan søkje om midlar frå EO-fondet, Elevorganisasjonens pengefond til elevråda, for å arrangere dette. (OBS! Ein må vere medlem av Elevorganisasjonen for å søkje.)
- bør bruke ressursar som elevråd.no, Elevorganisasjonen og elev- og lærlingombod for å få tips og hjelp til elevmedverknad og til å skape trivsel på skulen.

Dei tilsette og skuleleiinga

Skulen er pålagt å arbeide kontinuerleg for å sikre at skulemiljøet fremjar helsa og tryggleiken til elevane, og skal mellom anna

- informere alle foreldre og elevar om kva retningslinjer som gjeld dersom nokon blir mobba, eller dersom ein har mistanke om at dette skjer. Prinsippet skal vere informasjon, dialog og samarbeid mellom heim og skule.
- straks setje i verk tiltak når nokon blir mobba (jf. retten elevane har til eit godt læringsmiljø).
- sørge for at skulemiljøutvalet fungerer etter intensjonane i lova.
- leggje til rette for at elevane får påverke sin eigen skulekvardag. Det inneber å hjelpe til med elevrådsdrift, gi opplæring i korleis ein kan leggje fram ei sak, og leggje opp til at elevane får tid til å drive med elevrådsarbeid.
- invitere elevrådsstyret/ leiaren med på planleggingsmøta og lærarmøta til skulen for å sikre god dialog mellom elevane og skulen.
- arrangere møte/lunsj med elevrådsstyret/ leiaren annakvar veke for å halde elevane og skulen oppdaterte på korleis det går, og kva ein kan gjere for å skape eit godt skulemiljø.
- arbeide kontinuerleg saman med foreldra og elevane for eit godt læringsmiljø utan mobbing og dermed førebyggje mobbing.
- arbeide systematisk saman med foreldra og elevane for å utvikle den sosiale kompetansen til elevane.
- sørge for at elevane og foreldra blir tekne på alvor når dei melder frå om mobbing.
- sørge for at elevane har tilbod om aktivitetar og leik i frikvartera – med tilsyn.
- arrangere temaveker om trivsel og inkludering i samarbeid med elevrådet.
- dele skuleplassen inn i fleire område – til dømes éin del til å leike og spele ball i, éin del til å sitje og snakke saman i, og så vidare.
- innføre fadderordning der eldre elevar tek seg av yngre elevar.
- aktivt motarbeide mobbing ved sjølve å vere gode førebilete.

Elevane, kontaktlæraren og foreldrekontaktane

Elevane, kontaktlæraren og foreldrekontaktane har alle eit ansvar for å skape eit trygt og godt læringsmiljø. Det kan dei gjere ved å

- diskutere mobbing i timane.
- saman finne gode løysingar på korleis ein kan inkludere alle.
- foreslå trivselstiltak.
- reagere straks når nokon blir mobba (gjeld både tilsette, foreldre og elevar).
- ha jamlege møte mellom kontaktlæraren, foreldrekontaktane og dei elevtillitsvalde om miljøet i klassane.
- vere tydelege på at mobbing er uakseptabelt.
- gjennomføre samtalar med kvar enkelt elev der berre læraren og eleven er til stades. Ta opp spørsmål som arbeidsinnsats, arbeidsvanar, trivsel (inkludert mobbing), motivasjon og dei faglege og sosiale måla til eleven.



- gjennomføre utviklingssamtalar mellom foreldra og læraren (og eventuelt eleven). I desse samtalarane skal ein ta opp tema som trivsel og mobbing.
- leggje til rette for møte mellom eleven som har mobba, og den som er blitt mobba, og/eller mellom foreldra deira (kontaktlæraren). Alle skal få snakke saman og høyre kva dei andre meiner om saka, og ein skal få høve til å gjere avtalar.

Arbeidsutvalet til foreldrerådet (FAU)

Ved nokre skular er det foreldrekontaktar som utgjer FAU. Her ligg det godt til rette for erfaringsutveksling: Korleis arbeider foreldrekontaktane med læringsmiljø og mobbing? Uansett korleis utvalet er sett saman, må det vere ein pådrivar i arbeidet mot mobbing. Det må sjå til at elevane og foreldra er aktivt med på å planleggje og evaluere tiltak mot mobbing.

Dersom barnet ditt blir utsett for mobbing, kan du kontakte mobbeombodet i fylket ditt, beredskapsteamet mot mobbing i kommunen eller fylkesmannen.

Korleis melder du saka til fylkesmannen?

Fylkesmannen har eit skjema som du kan bruke for å melde frå.

Kva gjer fylkesmannen?

Fylkesmannen passar på at skulen følgjer lover om og reglar som seier at elevane skal ha det bra. Dersom fylkesmannen meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva kommunane skal gjere i den aktuelle saka, slik at eleven det gjeld, får det trygt og godt på skulen. Dei kan òg vedta konkrete tiltak som skulen må gjennomføre.

Det viktigaste når fylkesmannen skal behandle saka, er kva som er best for elevane.

Fylkesmannen vil setje ein frist og sørgjer for at kommunen følgjer opp innan fristen.

Dersom kommunen ikkje følgjer opp saka, kan dei få bøter.

Fylkesmannen kan òg gi deg råd om kva rettar barnet ditt har.

Kva om fylkesmannen meiner at skulen har sett inn høvelege tiltak?

Dersom fylkesmannen meiner at skulen har gjort det som er rimeleg å forvente, og skulen sine planar for vidare tiltak er gode nok, vil de ikkje få medhald i saka.

Klage til Utdanningsdirektoratet

Er du ueinig i enkeltvedtaket til fylkesmannen, kan du klage til Utdanningsdirektoratet. Du må sende klagen til fylkesmannen, som vil vurdere klagen på nytt. Deretter sender fylkesmannen klagen til Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet vil gå gjennom saka, vurdere klagen og eventuelt bestemme kva som bør gjerast vidare.

STOPP mobbing!

Foreldreutvalet for grunnopplæringa

© FUG 2018

Design: Sandvik Design

Bilete: iStock

Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

www.fug.no

post@fug.no

Takk til Elevorganisasjonen for bidrag til kapittelet om elevmedverknad!

FUG – Foreldreutvalet for grunnopplæringa – er eit utval av foreldre som er valde av Kongen i statsråd for fire år om gongen. Utvalet er eit rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet. Utvalet skal ta vare på interessene til foreldra og elevane i skulesamfunnet og arbeide for å fremje godt samarbeid mellom heim og skule.